https://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/rffvestland/2021/regionale-innovasjonsprosjekt-i-naringslivet-2022/

GJENNOMFØRT

Regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet (2022)

PUBLISERT 21. JUN. 2021 | OPPDATERT 20. OKT. 2021

Finansieringsordning: Støtte fra andre enn Forskningsrådet

Søknadsfrist: 20. oktober 2021, kl. 13.00 CEST

Aktuelle temaområder: Regional utvikling

Målgrupper: Næringsliv

Støttegrenser: Kr 1 000 000-3 000 000

Antatt tilgjengelige midler:
Kr 10 000 000. NB. Dette er samla sum sett av til dei tre utlysingane med søknadsfrist 20. oktober (regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet og kommunal sektor og regionale samarbeidsprosjekt). Summen kan bli justert.

Prosjektvarighet: 12-36 måneder

Last ned alle filer

27. januar vil styret for RFF Vestland gjere vedtak om kva prosjekt som får støtte.

Viktige datoer

8. sep. 2021: Open for søknad

20. okt. 2021: Søknadsfrist

1. feb. 2022: Tidlegaste tillate prosjektstart

1. jun. 2022: Seinaste tillatte prosjektstart

31. mai 2025: Seinaste tillate prosjektslutt

Formål

Eit innovasjonsprosjekt i næringslivet er leia av ei bedrift i Vestland og har eit omfattande innhald av forsking og utvikling (FoU). Prosjektet skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og berekraftig verdiskaping for bedriftene som deltek i prosjektet. Det skal også gi samfunnsøkonomiske gevinstar i Vestland fylke, ved at ny kunnskap og nye løysingar blir gjort breitt tilgjengeleg.

Utlysinga har to tema: Klimaomstilling og grønt skifte og Samfunnstryggleik og beredskap.

SNARVEIER

- **Om utlysningen**
- Hvem kan søke?
- Hvem kan delta i prosjektet?
- Hva kan du søke om støtte til?
- Forskningsartikler og forskningsdata
- Tips til søknadsprosessen
- **Aktuelle temaområder**
- Regional utvikling
- **Praktiske opplysninger**
- Krav til utforming

Om utlysningen

RFF Vestland lyser ut inntil 10 millionar kroner i FoU-støtte til prosjekt som kan bidra til innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv og/eller kommunal sektor i Vestland. **Utlyst sum gjeld tre utlysingar som alle har same tema og søknadsfrist. Alle søknader vil konkurrere om dei same midlane.**

Tema er:

- Klimaomstilling og grønt skifte
- Samfunnstryggleik og beredskap

Denne utlysinga gjeld regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet.

Støtteordninga regionale forskingsfond er meldt til EFTA sitt overvakingsorgan, ESA. Ordninga skal praktiserast i tråd med reglar for statsstøtte i EØS-avtalen. Meir informasjon om statsstøtte er under overskrifta "Forutsetninger for tildeling av støtte".

Hvem kan søke?

↓ Vurderingskriterier
↓ Behandlingsprosedyre

- Bedrifter og samanslutningar av bedrifter (t.d. bedriftsnettverk og klynger) i Vestland fylke
- Kommunale bedrifter/føretak og andre typar føretak i Vestland fylke med økonomisk aktivitet i ein marknad
- Søkjar må vere registrert i det norske foretaksregisteret.

Hvem kan delta i prosjektet?

Krav til samarbeid og roller i prosjektet

- Prosjektansvarleg bedrift må ha eit faktisk samarbeid med minst ei anna bedrift i Vestland (samarbeidspartnar). Når ei stor bedrift søkjer er det krav til faktisk samarbeid med minst ei SMB-bedrift i Vestland. (Definisjon av bedrift og størrelse følgjer EU sitt regelverk, sjå forklaring på Skattefunn si nettside).
- Prosjektansvarleg må dokumentere relevant forskingskompetanse i eigen organisasjon, hos samarbeidspartnar eller gjennom innkjøp frå ein FoU- leverandør. Relevant forskingskompetanse kan vere dr. grad. eller dokumentert publisering av forskingsresultat.
- Prosjektansvarleg eller ein samarbeidspartnar kan ikkje ha eit bindande forhold til ein FoU-leverandør i prosjektet, for eksempel i konsernrelasjon.
- Bedrifter (prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar) i prosjektet som har bindande forhold til kvarandre, vil bli rekna som ein og same støttemottakar etter statsstøtteregelverket.
- Fleire aktørar i og utanfor Vestland kan delta i prosjektet som samarbeidspartnar, FoU-leverandør m.v.
- Utanlandske aktørar kan vere partnar som bærer sine eigne kostnader i prosjektet eller FoU-leverandør som fakturerer alle sine kostnader til prosjektansvarleg.
- Samarbeidspartnarar eller FoU-leverandørar (utanom prosjektansvarleg søkjar) må registrerast under "Samarbeidspartnarar og FoU-leverandørar" i søknadsskjemaet. Les meir om samarbeidspartnarar og FoU-leverandørar.
- Prosjektansvarleg søkjar må sikre finansiering av prosjektet utover støtte frå RFF Vestland

Samarbeid om innovasjon og forsking

- Prosjektet tar utgangspunkt i ein unik innovasjonsidé hos ein eller fleire bedrifter som samarbeider i prosjektet. Dei forventa resultata kan være eit nytt produkt, ei ny teneste, ein ny produksjonsprosess, eller ei ny måte å levere produkt og tenester på. Også vesentlege forbetringar eller nye eigenskapar ved eksisterande produkt, tenester eller prosessar hos bedrifta(ne), kan vere eit resultat.
- Bedriftene i prosjektet har behov for ny kunnskap eller ny teknologi for å kunne lukkast med innovasjonen. Kunnskapen og teknologien blir utvikla gjennom FoU-aktivitet med bruk av anerkjent

metodikk. FoU-aktivitetane må være industriell forsking eller eksperimentell utvikling som definert i statsstøtteregelverket.

- Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane må ha tilgang til den FoU-kompetansen som er nødvendig for å gjennomføre prosjektet.

Hva kan du søke om støtte til?

RFF Vestland støtter kostnader knytt til FoU-aktivitetar i prosjektet. Vi gir ikkje støtte til drift eller tiltak for å nytte FoU-resultata, slik som beskyttelse av immaterielle rettar, marknadsundersøkingar og marknadsføring, uttesting og ferdigstilling av nye produkt og tenester. Slike kostnader kan ikkje vere med i prosjektbudsjettet.

Omfang av støtte

Graden av støtte til bedrifta sine prosjektkostnader er avhengig av storleik på bedrifta og type FoU-aktivitet. Støttegraden vil variere frå 25 til 70 prosent, jf. statsstøtteregelverket sjå "Artikkel 25: Støtte til forsknings- og utviklingsprosjekter" i tabellen og lenka under.

Type bedrift/type aktivitet	Industriell forsking	Eksperimentell utvikling
Små bedrifter	70 %	45 %
Mellomstore bedrifter	60 %	35 %
Store bedrifter	50 %	25 %

Les meir om regelverket for statsstøtte.

Endeleg støttebeløp vil bli endeleg fastlagt når vi inngår kontrakt med dei som får støtte.

Sett prosjektbudsjettet opp etter Forskingsrådet sine retningsliner.

Bryt prosjektbudsjettet ned på følgjande kostnadstypar:

- Personal- og indirekte kostnader, som er kostnader knytt til bedriftene si eigenutført FoU i prosjektet
- Innkjøp av FoU-tenester, som er kostnader knytt til å engasjere FoU-leverandørar til å utføre FoU-oppgåver i prosjektet
- Utstyr, som er drifts- og avskrivingskostnader for vitskapleg utstyr som prosjektet er avhengig av å nytte
- Andre prosjektkostnader, som er kostnader til annan aktivitet som er nødvendig for å gjennomføre FoU-aktivitetane

Føresetnader for tildeling av støtte

- Eit føretak er ein kvar aktør som driv økonomisk aktivitet ved å tilby varer og/eller tenester i ein marknad. Støtte til føretak er å rekne som statsstøtte. Når eit føretak får dekka deler av sine prosjektkostnader i eit FoU-prosjekt, må dette skje etter Gruppeunntaksforordninga, art. 25 (Kommisjonsforordning (EU) nr. 651/2014).
- Anna offentleg støtte til aktivitet som inngår i prosjektet vil kunne påverke omfanget av støtte frå RFF Vestland.
- Forskingsrådet sine Generelle vilkår for FoU-prosjekt er del av kontrakten med RFF Vestland.
- Forskingsresultata skal bli gjort tilgjengelege ved deling og publisering i tråd med policy for open forsking.
- Prosjektet skal ha plan for løpande formidling gjennom prosjektperioden.

Forskningsartikler og forskningsdata

Prosjektansvarleg verksemd avgjer kva arkivløysingar som skal nyttast for lagring av forskingsdata i prosjektet.

Tips til søknadsprosessen

Eit godt planlagt prosjekt resulterer vanlegvis i ein godt formulert søknad. Les våre tips til ein god søknadsprosess.

Aktuelle temaområder for denne utlysningen

RFF Vestland ønskjer velkomen søknader som dekker eitt eller begge temaområda i utlysinga:

Klimaomstilling og grønt skifte

Klimaomstilling omfattar både klimagassreduksjon og klimatilpassing. Det grøne skiftet handlar om omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Sirkulærøkonomi, fornybare ressursar og bioøkonomi er sentrale stikkord her.

Forskings- og utviklingsaktivitetane skal leie fram til nye eller vesentleg betre produkt, tenester, prosessar, organisasjons- og styringsformer som blir tatt i bruk for å oppnå verdiskaping og berekraftig utvikling. Innovasjon kan skje i alle bransjar og samfunnsområde.

RFF Vestland vil prioritere prosjekt som er bransjekryssande og tek utgangspunkt i særlege vestnorske utfordringar og potensial.

Samfunnstryggleik og beredskap

Temaområdet omfattar eit vidt spekter av fag- og ansvarsområde. Tema handlar om å ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet og forebygge ulykker, kriser og andre uønskte hendingar. Dessutan handlar det om effektiv ulykkes- og krisehandtering.

Forskings- og utviklingsaktivitetane skal leie fram til nye eller vesentleg betre produkt, tenester, prosessar, organisasjons- og styringsformer som blir tatt i bruk for å oppnå verdiskaping og berekraftig utvikling. Innovasjon kan skje i alle bransjar og samfunnsområde.

RFF Vestland vil prioritere prosjekt som bidrar til å styrke samhandling mellom fleire nivå og ansvarsområde.

Regional utvikling

`VAREPRODUSERENDE INDUSTRI` `SKOG OG TRE` `LANDBRUK OG MAT` `MILJØ, KLIMA OG FORNYBAR ENERGI` `MARITIM` `MARIN` `HELSE OG VELFERD` `UTDANNING` `REISELIV/OPPLEVELSER/KULTUR` `REGION- OG STEDSUTVIKLING` `VAREHANDEL OG TJENESTEYTENDE SEKTOR`

Praktiske opplysninger

Krav til utforming

Du må opprette og sende inn søknad via Mitt nettsted (sjå «Opprett søknad»). Du kan endre og sende inn søknaden fleire gonger fram til søknadsfristen. Når søknadsfristen går ut, vil vi behandle den sist innsendte versjonen.

- Søknaden skal være innafor formål og rammer for utlysinga og søknadstypen.
- Krav til samarbeid og partnarskap må vere oppfylt
- Søknaden og alle vedlegg skal vere på norsk eller engelsk.
- Søknadsbeløp, kva det er søkt om og eigenfinansiering er innanfor ramme fastlagt i utlysinga. Ubetalt eigeninnsats vil ikkje bli godkjend.
- Mal for prosjektskildring og partnaropplysingar i denne utlysinga skal nyttast. Alle punkta i mal for prosjektskildring skal vere fylt ut.
- Alle obligatoriske vedlegg skal vere lagt ved og må vere i PDF-format

Obligatoriske vedlegg

- Prosjektskildring på maksimalt 10 sider. Bruk mal i utlysinga.
- Partnaropplysingar for søkjarbedrift (prosjektansvarleg) og for kvar av dei samarbeidande bedriftene (bedriftspartnarane). Bruk mal i utlysinga. (Last opp som vedleggtype "Partnaropplysingar".)
- CV på inntil 4 sider for prosjektleiar og andre sentrale prosjektmedarbeidarar (til dømes ansvarlege for arbeidspakkane i prosjektet). (Last opp som vedleggtype «CV»).

Andre vedlegg enn dei som er spesifiserte over eller lenker til nettsider, vil ikkje bli vurdert. Støttebrev eller samarbeidsavtaler er ikkje obligatoriske og skal ikkje vere med.

Det er ikkje teknisk kontroll på innhald i vedlegga du laster opp, så pass på å laste opp korrekt fil på riktig vedleggtype.

Alle krav i utlysinga må være oppfylt. Ufullstendige eller mangelfulle søknader kan bli avslått utan fagleg vurdering.

Vurderingskriterier

Vi vurderer søknadene etter desse kriteria:

Forskning og innovasjon | IP-Næringsliv

I hvilken grad representerer prosjektet en ambisiøs innovasjon som understøttes av relevante FoU-aktiviteter av god kvalitet?

▪ I hvilken grad representerer innovasjonen noe nytt?
▪ I hvilken grad retter innovasjonen seg mot tydelige behov eller nye markedsmuligheter for prosjektansvarlig og bedriftene som er samarbeidspartnere i prosjektet?
▪ I hvilken grad bygger prosjektet på relevant og oppdatert kunnskap?
▪ I hvilken grad benytter prosjektet relevante og anerkjente FoU-metoder?
▪ I hvilken grad er FoU-aktivitetene nødvendige for å lykkes med innovasjonen?

Virkninger og effekter | IP-Næringsliv

I hvilken grad legger prosjektet til rette for betydelige gevinster for prosjektansvarlig og samarbeidspartnerne, og også grunnlag for øvrige positive samfunnsmessige effekter?

▪ I hvilken grad vil prosjektet ha potensial for bærekraftig verdiskaping i Norge med betydelige bedriftsøkonomiske gevinster for prosjektansvarlig og bedriftene som er samarbeidspartnere?
▪ I hvilken grad kan prosjektet gi positive eksterne effekter, for eksempel
– i form av kunnskapsspredning gjennom nettverk og publisering
– ved at resultater kan utnyttes i annet næringsliv, offentlig sektor eller samfunnet generelt
– ved at innovasjonen kan bidra til FNs bærekraftmål eller til å løse andre viktige samfunnsutfordringer?
▪ I hvilken grad er de potensielle virkningene og effektene av prosjektet tydelig formulert og godt sannsynliggjort?

Gjennomføring | IP-Næringsliv

I hvilken grad gir prosjektplanen et godt grunnlag for å få gjennomført FoU-aktivitetene og for å få realisert verdiskapingspotensialet?

▪ I hvilken grad har FoU-prosjektplanen solide og gjennomarbeidede mål, arbeidspakker, milepæler, ressursinnsats og relevante risikovurderinger?
▪ I hvilken grad vil prosjektet ha tilgang til nødvendig FoU-kompetanse og tilstrekkelig kapasitet til å gjennomføre FoU-oppgavene?
▪ I hvilken grad fremtrer prosjektet som strategisk forankret hos prosjektansvarlig og bedriftene som er samarbeidspartnere og med en egnet prosjektorganisering?
▪ I hvilken grad har prosjektleder egnet kompetanse og erfaring for å lede et FoU- prosjekt rettet mot innovasjon og bærekraftig verdiskaping for bedrifter?
▪ I hvilken grad er planen for implementering av FoU-resultatene og realisering av gevinster relevant og dekkende, for eksempel når det gjelder spørsmål som:
– håndtering av IPR
– vurderinger av konkurranseforhold og markedsrisiko
– behov og planer for investeringer
– behov og planer for partnerskap for kommersialisering eller industrialisering
– behov for utvikling av forretningsmodeller?

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet er et uttrykk for en samlet vurdering basert på de hovedkriteriene som fageksperten/panelet er bedt om å vurdere.

Regional relevans | Næringsliv

- I kva grad vil prosjektet bidra til å løyse utfordringar for næringslivet som er spesielt viktige i Vestland fylke?
- I kva grad vil prosjektet bidra til berekraftig regional verdiskaping for andre enn dei involverte aktørane?
- I kva grad vil prosjektet bidra til kunnskapsoppbygging regionalt?

I tillegg vil det bli lagt vekt på Formidling og kommunikasjon, Forskingsetikk, Miljøkonsekvensar, Kjønnsbalanse i prosjektet og Kjønnsperspektiv i forskinga, der det er relevant.

Behandlingsprosedyre

Sekretariatet for RFF Vestland vurderer om søknaden fyller formelle krav og er innanfor dei mål og rammer som er gitt i utlysinga.

Søknader utan formelle feil vil bli vurdert av eit ekspertpanel i Forskningsrådet, med normalt tre fageksperter. Ekspertpanelet vurderer og gir ein samla karakter for kvart av kriteria Forsking og innovasjon, Verknader og effektar, Gjennomføring og Samla vurdering frå fageksperten/panelet.

Sekretariatet for RFF Vestland vurderer søknaden vidare og lagar innstilling til styret. Styret fattar vedtak om støtte mot slutten av januar 2022. (Informasjon om dato kjem seinare.)

RFF Vestland tek seg retten til å diskutere søknaden med andre offentlege aktørar (som Innovasjon Noreg og Forskningsrådet) der dette er relevant for søknadsbehandlinga. Alle søknader vil bli behandla etter Lov om offentlighet § 26, fjerde avsnitt.

Last ned maler

- RFF mal-for-prosjektbeskrivelse-innovasjonsprosjekter-2021.docx
- RFF template-project proposal-innovation_2021.docx
- ipn-mal-for-partneropplysninger-2021.docx
- ipn-template-for-partner-information-2021.docx
- cv-mal-2021.docx

cv-template-for-cv.docx

* OBLIGATORISK VEDLEGG

Last ned alle maler

Meldinger ved utskriftstidspunkt 18. november 2026, kl. 17.36 CET

> Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.